

Fra: Vigdis Robak Bjørge (Vigdis.Bjorge@skyss.no)

Sendt: 07.12.2015 09:59:49

Til: Rune Heradstveit (Rune.Heradstveit@nordhordland.net)

Kopi:

Emne: Regionstamlinje Nordhordland - referat frå møte 04.12.15

Vedlegg:

Hei,

Her følgjer som avtalt eit kort referat frå møtet sist fredag. Gi eit ord dersom det er kommentarar til dette:

04.12.2015 Møte i regionrådet Nordhordland, sak om regionstamlinje Nordhordland

Skyss, v/Vigdis Bjørge, orienterte om bakgrunn og planar for omlegging av rutetilbod på strekninga Bergen-Nordhordland

- Kollektivstrategi for Hordaland og tilhøyrande handlingsplan er styringsverktøy for Skyss i planlegging av kollektivtilbodet. Kollektivstrategien peiker på regionstamlinjer som ei viktig satsing, og slår fast ei rekkje grunnprinsipp for korleis kollektivnettet skal utviklast. Handlingsprogram for 2015-2018 peiker ut strekninga Bergen – Nordhordland som første regionstamlinje. Desse dokumenta kan finnast på nettsida *skyss.no/rapportar*.
- Forslaget til opplegg for regionstamlinja var sendt ut på førehand, og vart kort presentert.

Tilbakemeldingar frå kommunane:

- Positivt med samanheng mellom Frekhaug og Knarvik
- Fulle busser frå Frekhaug, passasjerar burde sleppe bytte på Flatøy
- Ekspressavgangar (300E) vil bli viktig
- Positivt med nye matelinjer til snøggbåten
- Positivt med kortare reisetid Knarvik-Bergen busstasjon

Medlemmane i regionrådet hadde fleire innspel som er relevante til arbeidet med trafikkplan for Nordhordland. Kommunane vil bli involvert også i dette arbeidet.

Informasjon om prosessen vidare:

- Politisk handsaming av regionstamlinje Nordhordland
 - Utval for miljø og samferdsel, 14. januar
 - Fylkesutvalet, 28. januar
- Iverksetting av regionstamlinja etter planen frå hausten 2016
- Trafikkplan Nordhordland – førebuing nytt bussanbod
 - regionstamlinje Nordhordland vil ligge til grunn
 - gjennomgå tilbodet i Nordhordland med omsyn til tilpassingar og forbetringar
 - dialog med kommunane i planarbeidet

Mvh,

Vigdis Bjørge
Seniorrådgjevar – Trafikktilbod

Skyss | Postboks 7900 | 5020 Bergen
Mob.: (+47) 404 76 974 |

skyss.no | www.facebook.com/skyss.no